



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for kultur
Møtestad	Fylkeshuset, møterom Hella
Møtedato	23.09.2014
Kl.	10.00 – 14.30

Faste medlemmer til stades:

Nils Gjerland, SP, leiar
Jan Olav Fretland, SV, nestleiar
Anita Nybø, Sp
Torbjørn Vereide, Ap
Eva Hage Solstad, Ap
Liv Stave, H
Trude Brosvik, KrF
Marit Barsnes Krogsæter, V
Lars-Svein Drabløs, Frp

Forfall til møtet:

Varamedlemmer til stades:

Solveig Norevik, Ap

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 17.06. og 27.08.14 vart godkjend utan merknader.

SAK 42/14 Tertilrapport 2/14

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2014:

1. Budsjetterte skatteinntekter vert redusert med 7,500 mill. kr.
2. Rammetilskotet vert auka med 0,249 mill. kr.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere naudsynte budsjettendringar når den fylkesvise fordelinga av auka statleg DAA-kompensasjon vert kjent. Det er ein føresetnad at ramma til samferdsle vert auka tilsvarande auken i rammetilskotet.
4. Budsjetterte renteinntekter vert redusert med 0,500 mill. kr.
5. Forventa utbytte vert auka med 0,943 mill. kr.
6. Budsjetterte konsesjonskraftinntekter vert redusert med 1,800 mill. kr.
7. Driftsbudsjettet vert saldert mot bufferfondet med ei avsetning på 5,441 mill. kr.
8. Sektorbudsjettet til forvaltning vert redusert med 0,518 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 4005 Til disposisjon for utvala vert redusert med 0,200 mill. kr.
 - Teneste 4100 Kontrollutvalet og revisjon vert redusert med 0,318 mill. kr.
9. Det ordinære sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 10,231 mill. kr med slik fordeling:
 - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 5101 Vedlikehald og drift skulebygg vert redusert med 0,980 mill. kr.
 - Teneste 5151 Fellesutgifter vert auka med 0,100 mill. kr.
 - Teneste 5200 Pedagogisk leiing mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 6,000 mill.kr.
 - Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 3,300 mill. kr.
 - Teneste 5202 Gjesteleverar vert redusert med 0,500 mill. kr.
 - Teneste 5203 PC-ordninga / teneste 5211 Gratis læremiddel vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 5701 Opplæring i bedrift vert auka med 1,549 mill. kr.
 - Teneste 5702 Fagprøver vert auka med 1,000 mill. kr.
10. Sektorbudsjettet til opplæring vert redusert med 3,400 mill. kr knytt til forsert innsparing som følgje av strukturendringane i skulebruksplanen. Reduksjonane har slik fordeling:
 - Teneste 5100 Utgifter til lokale vert redusert med 0,800 mill. kr.
 - Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert redusert med 1,100 mill. kr.
 - Teneste 5200 Pedagogisk leiing mv. / teneste 5210 Utdanningsprogramma vert redusert med 1,500 mill.kr.
11. Sektorbudsjettet til samferdsle får gjennomført slike omdisponeringar:
 - Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering får tilført 4,500 mill. kr.
 - Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste vert redusert med 1,000 mill. kr.
 - Teneste 7301 Buss – Skuleskyss grunnskulen vert auka med 0,600 mill. kr.

- Teneste 7306 Diverse kollektiv vert redusert med 0,800 mill. kr.
- Teneste 7322 Båt – Ekspress og lokalruter vert redusert med 2,700 mill. kr.
- Teneste 7331 Tilrettelagt transport vert redusert med 0,600 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2014:

1. Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 1.
2. Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.

C. Andre område

1. Rapportering på finansporteføljen i vedlegg 3 vert teken til vitande.
2. Rapportering på konsesjonskraftomsetjinga i vedlegg 4 vert teken til vitande.

SAK 43/14 Evaluering av Norsk Countrytreff som knutepunktinstitusjon

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Norsk Countrytreff er i dag ein kulturinstitusjon med god forankring lokalt og regionalt. Knutepunktinstituttet har gjort dette mogeleg.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Norsk Countrytreff oppfyller kriteria for knutepunkt. Norsk Countrytreff har hatt status som knutepunkt i 2 år, og vi ser at dei har potensiale for å utvikle seg vidare som knutepunktfestival. Vi meiner Norsk Countrytreff har nasjonal relevans og festivalen sitt tilbod bør vidareførast som eit knutepunkt.
3. Evaluering av Norsk Countrytreff, jf. vedlegg 1, vert tatt til vitande og sendt Kulturdepartementet som Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt innspel i evalueringa av festivalen.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Kulturdepartementet invitere tilskotspartane til systematisk dialog om finansiering, prioritering og vidareutvikling av festivalen.

Utvalet vurderte gildskapen til Eva Hage Solstad. Utvalet fann Eva Hage Solstad ugild ved handsaming av saka. Solveig Norevik møtte i hennar stad.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet for kultur sette fram slikt framlegg:

Pkt 1 i tilrådinga frå fylkesrådmannen går ut.

Første setning i pkt 2 i tilrådinga frå fylkesrådmannen vert erstatta med:
«Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Norsk Countrytreff har god forankring lokalt og regionalt, og oppfyller kriteria til knutepunkt».

Avrøysting:

Endringane i pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesrådmannen med vedteken endring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner Norsk Countrytreff har god forankring lokalt og regionalt, og oppfyller kriteria til knutepunkt. Norsk Countrytreff har hatt status som knutepunkt i 2 år, og vi ser at dei har potensiale for å utvikle seg vidare som knutepunktfestival. Vi meiner Norsk Countrytreff har nasjonal relevans og festivalen sitt tilbod bør vidareførast som eit knutepunkt.
2. Evaluering av Norsk Countrytreff, jf. vedlegg 1, vert tatt til vitande og sendt Kulturdepartementet som Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt innspel i evalueringa av festivalen.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber Kulturdepartementet invitere tilskotspartane til systematisk dialog om finansiering, prioritering og vidareutvikling av festivalen.

SAK 44/14 Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden

VEDTAK:

1. Restaureringsplanen for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden; jf vedlegg 1, skal vere retningsgjevande for fylkeskommunen sitt engasjement for bevaring og istandsetjing av verneverdige bygningar i verdsarvområdet.
2. Restaureringsplanen skal vere retningsgjevande i samband med fylkeskommunen si fordeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 79 Verdsarv.

SAK 45/14 Desentralisert ordning for tilskot til lokale kulturbygg 2014 - fordeling av tilskot

VEDTAK:

Tilskot til kulturbygg for 2014 vert fordelt slik:

1401 0043 01	Flora samfunnshus	kr. 2 217 000
1411 0005 04	Brandangersund samfunnshus	kr. 729 000
1411 0009 02	Byrknesøy samfunnshus	kr. 535 000
1419 0033 01	Ungdomshuset Leikvang	kr. 1 020 000

1426 0043 02	Josvang ungdomshus	kr. 140 000
1438 0078 02	Ungdomshuset Vidsyn	kr. 302 000
1449 0072 01	Aldaheim	kr. 211 000
1449 0088 01	Vardehall	kr. 456 000
Sum		kr. 5 610 000

SAK 46/14 Den kulturelle spaserstokken 2014/2015 - Løyvingar

VEDTAK:

1 Løyvingane frå Kulturdepartementet til Den kulturelle spaserstokken, vert fordelt slik:

Askvoll kommune	40 000
Aurland kommune	7 000
Balestrand kommune	10 000
Bremanger kommune	40 000
Eid kommune	50 000
Fjaler kommune	50 000
Flora kommune	95 000
Førde kommune	85 000
Gaular kommune	40 000
Gloppen kommune	20 000
Gulen kommune	17 000
Hornindal kommune	40 000
Hyllestad kommune	45 000
Høyanger kommune	45 000
Jølster kommune	25 000
Leikanger kommune	25 000
Luster kommune	50 000
Lærdal kommune	20 000
Naustdal kommune	35 000
Selje kommune	20 000
Sogndal kommune	40 000
Solund kommune	25 000
Stryn kommune	60 000
Vik kommune	36 000
Vågsøy kommune	55 000
Årdal kommune	25 000
Sum	1 000 000

2 Det vert sett av inntil kr 131 000 til administrasjon.

SAK 47/14 Landsskyttarstemne 2017 til Sogn og Fjordane - søknad om fylkeskommunal støtte

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for kultur til å gjere slikt vedtak:

Det vert løyvd 200 000 kroner til Førde skyttarlag til utbetringar og oppgradering av skyttaranlegg i Kråkenesmarka/Vasslia i Førde kommune i samband med Landsskyttarstemnet 2017.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til eit punkt 2:

Kulturutvalet har ikkje nok tilskotsmidlar innafor eiga ramme til å gje totalt kr. 800.000 i tilskot til landsskyttarstemnet. Vi meiner likevel dette er eit svært viktig tiltak som i tillegg til regionen vår generelt, kjem både unge, vaksne og eldre brukarar til gode. Vi merkar oss også at det er gått ut eit brev underteikna av fylkesordførar og fylkesrådmann som gjev skyttarlaga grunn til å vente ein større sum til hjelp. Kulturutvalet oversender difor søknaden til fylkesutvalet for å vurdere restsummen.

Avrøysting:

Framlegg frå Krf til eit punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesdirektøren med vedteken endring vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Det vert løyvd 200 000 kroner til Førde skyttarlag til utbetringar og oppgradering av skyttaranlegg i Kråkenesmarka/Vasslia i Førde kommune i samband med Landsskyttarstemnet 2017.
2. Kulturutvalet har ikkje nok tilskotsmidlar innafor eiga ramme til å gje totalt kr. 800.000 i tilskot til landsskyttarstemnet. Vi meiner likevel dette er eit svært viktig tiltak som i tillegg til regionen vår generelt, kjem både unge, vaksne og eldre brukarar til gode. Vi merkar oss også at det er gått ut eit brev underteikna av fylkesordførar og fylkesrådmann som gjev skyttarlaga grunn til å vente ein større sum til hjelp. Kulturutvalet oversender difor søknaden til fylkesutvalet for å vurdere restsummen.

SAK 48/14 Tildeling av spelemidlar 2014 - klage frå Sogndal kommune

VEDTAK:

1. Sogndal kommune får medhald i klage på hovudutval for kultur sitt vedtak i HK-sak 29/14.
2. Anleggsnummer 1420 0004 05 – Kvåle stadion kunstgrasbane 50 meter x 65 meter er teknisk godkjend som ordinært anlegg. Dei får eit tilskot på kr. 633 000.
3. Tilskotet vert dekkja frå midlar avsett til klagehandsaming/inndregne mildar.

SAK 49/14 Skriv og meldingar - hovudutval for kultur 23.09.2014

VEDTAK:

1. Henrik Wergeland si tavle for menneskerettar, ved Ungdomspolitisk utval 28.06.2014
2. Bygg på tusenårsstaden, frå Magnor Midttun
3. Jubileumshelsing frå Frosta kommune
4. Meeting of the THING-network, 28.- 29. juni i Eivindvik
5. Rapport kunstnarstipend 2013
6. Rapport etablerarstipend 2013 - kunstnarstipend
7. Statsbudsjettet 2014 – kap 1429, post 73 – brannsikring tette trehusmiljø – Gamle Lærdalsøyri
8. Statsbudsjettet 2014 – kap 1429, post 73 – brannsikring tette trehusmiljø – Undredal
9. Statsbudsjettet 2014 – kap 1429, post 73 – brannsikring tette trehusmiljø – Solvorn
10. Statsbudsjettet 2014 – kap 1429, post 73 – brannsikring tette trehusmiljø – Eidsgata og Tverrgata i Eid
11. Fylkesdirektøren orienterte frå møte i Hyllestad om arbeidet med verdsarvstatus for Norsk Kvernsteinscenter
12. Nils Gjerland orienterte frå møte med museumsleiinga ved Musea i Sogn og Fjordane
13. Liv Stave orienterte om godkjenning av vedtektene ved Sogn og Fjordane Kunstmuseum

SAK 50/14 Budsjett 2015 og 2016- Kultur

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til sektorbudsjettet for kultur i 2015 og skisse til budsjett i 2016 vert fordelt slik på tenestenivå:

Programområde		B 2014	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	6,662	6,022	5,362
750	Arkiv og kulturminneføremål	13,384	12,634	12,102
760	Museum	16,877	15,777	14,777
771	Kunstformidling	9,745	8,635	8,245
772	Kunstproduksjon	11,057	11,057	10,557
775	Fysisk aktivitet og idrett	3,041	3,041	2,941
790	Andre kulturaktivitetar	11,108	8,758	8,408
SUM		71,874	65,924	62,392

2. Innsparingsutfordringa vert løyst ved følgjande reduksjonar:

Programområde		Tiltak	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	Bokbåten	0,640	1,300
771	Kunstformidling	Fylkesmusikarordninga	0,900	0,900
771	Kunstformidling	Kultur og helse	0,210	0,500
771	Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken		0,100
772	Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		0,500
775	Fysisk aktivitet og idrett	Tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins		0,100
790	Andre kulturaktiviteter	Kulturmidlar	0,900	0,900
790	Andre kulturaktiviteter	Administrasjon	0,350	0,700
SUM			3,000	5,000

3. Bokbåttenesta i Sogn og Fjordane vert ikkje vidareført etter 01.09.2015.
4. Hovudutval for kultur rår til at det vert arbeidd vidare med fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane med tanke på alternative løysingar.

Hovudutvalet vurderte gildskapen til Eva Hage Solstad. Utvalet fann Eva Hage Solstad ugild ved handsaming av saka. Solveig Norevik møtte i hennar stad.

Ope brev ang. folkemusikksatsinga i fylket var sendt fylkespolitikarane på epost.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til eit pkt 5:

Høgre vil lengst mogeleg skjerme tilskot til lag og organisasjonar, og vil derfor ta til orde for å kutte tiltak innan den kulturelle drifta i fylket.

Hovudutvalet for kultur vil be om at Sogn og Fjordane Teater sin økonomiske og kunstnariske betydning for fylket vårt vert vurdert.

Med bakgrunn i dette vil hovudutvalet sjå på/vurdere om Sogn og Fj. Teater skal avviklast.

Sosialistisk Venstreparti og Venstre sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 1 og 2 i tillegg til tilrådinga frå fylkesdirektøren :

1. Kulturutvalet viser til del av vedtak i HK-sak 41/14. Primært ber vi finansutvalet ikkje kutte i budsjettamma for kultur. Hovudgrunngevinga er knytt til den satsinga fylkeskommunen har gjort på å byggje omdømmet i fylket. Her er livsstil og kultur viktige element.

Subsidiert ber vi om at kuttet ikkje blir større enn snittet av kutt til fylkeskommunen, i sum ca. 7 millionar.

2. Utvalet ber politisk leiing å vurdere form og tidspunkt for møte med sentrale styresmakter om framtida for dei regionale kulturinstitusjonane våre

Kristeleg Folkeparti, Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til eit punkt 1 i tillegg til tilrådinga frå fylkesdirektøren:

1. Kulturutvalet viser til del av vedtak i HK-sak 41/14. Kulturutvalet ber finansutvalet om ikkje å kutte prosentvis meir i budsjettamma for kultur enn det som gjeld for fylket totalt. Dvs ei langsiktig reduksjon av ramma på ca 7 millionar for kultur. Hovudgrunngevinga er knytt til den

satsinga fylkeskommunen har gjort på å byggje omdømmet i fylket. Her er livsstil og kultur viktige element. Mange av kutta vil også i tillegg gje relativt store kutt i dei statlege kulturtilskota.

Senterpartiet sette fram slikt framlegg til tillegg i pkt 4:

.. og utfordringane knytta til Sunnfjord Museum.

Avrøysting:

Endringsframlegg frå Høgre til eit punkt 5 fekk ei røyst (H) og vart dermed forkasta.

Punkt 1 i endringsframlegget frå Sosialistisk Venstreparti og Venstre fekk to røyster (SV og V) og vart dermed forkasta.

Punkt 2 i endringsframlegget frå Sosialistisk Venstreparti og Venstre vart samrøystes vedteke

Endringsframlegget frå Kristeleg Folkeparti, Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Framstegspartiet vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå Senterpartiet til tillegg i punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteken.

Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteken.

Punkt 3 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart vedteken mot ei røyst (V).

Punkt 4 i tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteken med vedteke tillegg.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Kulturutvalet viser til del av vedtak i HK-sak 41/14. Kulturutvalet ber finansutvalet om ikkje å kutte prosentvis meir i budsjettamma for kultur enn det som gjeld for fylket totalt. Dvs ei langsiktig reduksjon av ramma på ca 7 millionar for kultur. Hovudgrunngevinga er knytt til den satsinga fylkeskommunen har gjort på å byggje omdømmet i fylket. Her er livsstil og kultur viktige element. Mange av kutta vil også i tillegg gje relativt store kutt i dei statlege kulturtilskota.
2. Utvalet ber politisk leiing å vurderer form og tidspunkt for møte med sentrale styresmakter om framtida for dei regionale kulturinstitusjonane våre
3. Framlegg til sektorbudsjettet for kultur i 2015 og skisse til budsjett i 2016 vert fordelt slik på tenestenivå:

Programområde		B 2014	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	6,662	6,022	5,362
750	Arkiv og kulturminneføremål	13,384	12,634	12,102
760	Museum	16,877	15,777	14,777
771	Kunstformidling	9,745	8,635	8,245
772	Kunstproduksjon	11,057	11,057	10,557
775	Fysisk aktivitet og idrett	3,041	3,041	2,941
790	Andre kulturaktivitetar	11,108	8,758	8,408
SUM		71,874	65,924	62,392

4. Innsparingsutfordringa vert løyst ved følgjande reduksjonar:

Programområde		Tiltak	B 2015	B 2016
740	Bibliotek	Bokbåten	0,640	1,300
771	Kunstformidling	Fylkesmusikarordninga	0,900	0,900
771	Kunstformidling	Kultur og helse	0,210	0,500
771	Kunstformidling	Den kulturelle skulesekken		0,100
772	Kunstproduksjon	Tilskot til regionale kulturinstitusjonar		0,500
775	Fysisk aktivitet og idrett	Tilskot til Sogn og Fjordane idrettskrins		0,100
790	Andre kulturaktiviteter	Kulturmidlar	0,900	0,900
790	Andre kulturaktiviteter	Administrasjon	0,350	0,700
SUM			3,000	5,000

5. Bokbåtenesta i Sogn og Fjordane vert ikkje vidareført etter 01.09.2015.
6. Hovudutval for kultur rår til at det vert arbeidd vidare med fellesmagasin for musea i Sogn og Fjordane med tanke på alternative løysingar og utfordringane knytta til Sunnfjord Museum.
